




Årsmelding 2019

Voss DPS NKS Bjørkeli

Voss DPS NKS Bjørkeli

Voss DPS NKS Bjørkeli A/S (Voss DPS) gjev tilbod om utgreiing og behandling av personar over 18 år med psykiske lidningar. Opptaksområdet vårt i 2019 var kommunane Voss, Vaksdal, Kvam, Ulvik, Granvin og Eidfjord. Til saman utgjer dette ca. 24.000 vaksne, fordelt på eit geografisk areal på 5,500 km².

Organisasjonskartet såg slik ut i 2019:



Styret i Voss DPS er leia av styreleiar *Ragnhild Skjerveggen*. Direktør ved senteret er *Frédéric Larsen*. Voss DPS har drifts-avtale med Helse Vest RHF. Voss DPS er eigd av N.K.S. Vestland-Sør (N.K.S. Hordaland fram til 31.12.19).

Aktivitet 2019

	Tilvisingar	Konsultasjonar/ Utskrivingar	Snitt liggetid (dagar)
Poliklinikkane	-	9375	-
Døgn (12 senger)	-	124	24
Sum	615	-	-

Voss DPS hadde ei auke på 14% i poliklinisk aktivitet i 2019 frå året før.

Brukarstyrt plass

Voss DPS har tilbod om brukarstyrt plass der pasientane sjølve kan ta kontakt for ei kortvarig innlegging utan tilvising frå lege. 12 pasientar hadde avtale om brukarstyrt plass i 2019. Det var 6 brukarstyrte innleggingar.

Brukarutval

Voss DPS har brukarutval der 2 brukarar er faste medlem. I tillegg vert pasientar ved døgnavdelinga inviterte med på møta. 2 tilsette er medlem. Utvalet tek opp saker som gjeld tilbodet ved Voss DPS og kjem med forslag til endringar og forbetringar. Utvalet fungerer som eit rådgjevande organ for Voss DPS. Brukarutvalet hadde 3 møter i 2019.

Kvalitet

Voss DPS har fokus på kvalitet i tenestene og skal levera på gjeldande kvalitetsindikatorar. Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitetsforbetring, og me har gode system som tek hand om rapportering og oppfølging av avvik. Voss DPS har Kvalitets og pasientsikkerheitsutval (KPU) som ledd i kvalitetskontrollen. Det var 3 møter i KPU i 2019.

Det vart i 2019 registrert til saman 152 avvik og 3 forbetrings-meldingar ved Voss DPS.

Helse- miljø og sikkerheit

Vernetenesta ved Voss DPS har 3 verneombod. *Terje Gjernes* er hovudverneombod. AMU hadde 4 møter i 2019. Bedriftshelse1 deltek på møta i AMU. Det er utarbeidd eigen årsmelding for AMU-arbeidet.

Studentar i praksis

I 2019 har me hatt 3 legestudentar, 2 sjukepleiarstudentar, 1 ergoterapeutstudent og 1 psykologstudent i praksis.

Tilsettingar

I 2019 tilsette me psykolog *Turid Skjerve Leksbø*, LIS (lege i spesialisering) *Malin Kristine Myklatun*, LIS *Irina Frolova*, jobb-spesialist og metoderettleiar *Kirsten McClellan Steine*.

Poliklinikkane

Avdelingsleiar: *Astrid Aunan* fram til 31.08.

Avdelinga har 3 seksjonar: Allmennpsykiatrisk poliklinikk, Rehabiliteringspoliklinikken og Gruppepoliklinikken. Desse har kvar sin teamleiar, høvesvis *Eva Sunde* fram til 30.09., *Sigrid Denver* og *Linda-Synnøve Skaar*.

Avdelinga har ei tverrfagleg samansetning av lege, psykolog, ergoterapeut, psykomotorisk fysioterapeut, klinisk sosionom, sjukepleiar og vernepleiar, alle med ulike vidareutdanningar. Nokon ressurspersonar jobbar på tvers av dei ulike seksjonane.

Døgnavdeling:

Døgnavdelinga er ei allmennpsykiatrisk avdeling med 12 senger. Behandlingstilbod er kartlegging/diagnostisering, medisin-vurdering, korte stabiliseringsopphald, miljøterapi og individuell terapi. Behandlinga er individuelt tilpassa. Det vert jobba med å laga målretta og gode behandlingsplanar i tett samarbeid med pasienten.

Diverse

Meona

Døgnavdelinga har i 2019 innført MEONA, ei elektronisk løysing for legemiddelkurve. Systemet erstattar papirkurver. Målet er å auka pasienttryggleiken ved å ta i bruk ei pasientkurve som fylgjer pasienten gjennom heile forløpet, på tvers av avdelingar og sjukehus i helseføretaket.

IPS

Voss DPS søkte, i samarbeid med Nav Voss og Nav Kvam, om tilskot frå Helsedirektoratet under tilskotsordninga Arbeids-rehabilitering etter modell av Individuell jobb støtte og/eller jobbmeistrande oppfølging. IPS står for «individual placement support» og er eit tilbod som har som mål å skaffa ordinært arbeid for pasientar som ynskjer å koma ut i arbeidslivet. Me

fekk i 2019 innvilga kr 1.500.000,- til fyrste driftsår av prosjektet. Oppstart er utsett til 1. januar 2020, men jobbspesialistane kom på plass i desember 2019.

Emnekurs for fastlegane

Hausten 2019 arrangerte Voss DPS emnekurs med tema psykiatri for fastlegane i opptaksområdet vårt. Emnekurset er godkjent av legeföreningen som vedlikehaldsaktivitet for allmennlegespesialistar. Overlege *Thomas Esposito* hadde regien og emnekurset fekk gode tilbakemeldingar frå delta-kande fastlegar. Emnekurset gjekk over 4 kveldar, og var gratis for fastlegane. Dette satsar me på skal bli eit fast tilbod ved Voss DPS vidare.

Pakkeforløp

Pakkeforløp for psykisk helse og rus vart implementert ved Voss DPS i 2019. Pakkeforløpet skal mellom anna bidra til meir samanhengjande tenester for pasientane.

Styret ved Voss DPS NKS Bjørkeli AS, etter generalforsamling, 04.06.2019

Ragnhild Skjerveggen (styreleiar)

Olaug Borge (nestleiar/styremedlem)

Björg Wiers (styremedlem)

Marianne Bergtun (styremedlem)

Erling Steine Larsen (styremedlem, valt av dei tilsette)

Runa Gyldenskog (styremedlem, valt av dei tilsette)

Frøydis Hole (observatør, valt av brukarutvalet)

Det vart halde 4 styremøte i 2019.

Voss DPS NKS Bjørkeli, 20.04. 2020

Frédéric Larsen

Direktør



Gamle og nye bygg står godt i lag



Emnekurs i psykiatri



Blåtur!



Nytt, triveleg venterom



Godt brukt sykkelskur



Vekselbankløpet 2019

Resultatregneskap

	2019	2018
Driftstilskot Helse Vest	65 445 998	62 847 001
Andre inntekter/refusjonar	4 663 720	3 399 576
Sum driftsinntekter	70 109 718	66 246 577
Pasientkostnader	1 439 279	1 519 989
Lønskostnader m.m	56 440 012	53 857 554
Avskrivning på driftsmidlar	2 788 999	1 589 340
Andre driftskostnader	5 401 466	6 731 949
Sum driftskostnader	66 069 756	63 698 832
Driftsresultat	4 039 962	2 547 745
Resultat finanspostar	1 707 452	1 011 711
Årsresultat	2 332 510	1 536 034



Voss DPS
NKS Bjørkeli

Voss DPS NKS Bjørkeli
Bjørkelivegen 27, 5705 Voss
Telefon 56 51 40 00
post@bjorkeli.no / www.bjorkeli.no
org.nr. 916 270 097